

# Styresak

Går til: Styremedlemmer  
 Selskap: Helse Vest RHF  
 Dato skreven: 20.01.2005  
 Sakshandsamar: Terje Arne Krokvik  
 Saka gjeld: **Budsjett Helse Vest RHF 2005 – Administrasjon**

**Sak nr. 06/04 B**

**Styremøte 02.02. 2005**

## 1. Innleiing

Styret i Helse Vest vedtok under sak 093/04 B foreløpig inntektsramme for 2005. Det vart i denne saka lagt frem eit budsjett med ei kostnadsramme for RHF'et på kr 63,181 mill. Det vart lagt til grunn at administrasjonen ville komme tilbake med eit detaljert budsjett for morselskapet til møtet den 2. februar.

## 2. Kommentar

I budsjettframlegget er det tatt omsyn til vedtatt kostnadsramme. I tillegg er det lagt inn ei styrking av bemanninga med 2 stillingar, ei stilling innanfor helsefag og ei innanfor prosjektstyring. Dette gir følgjande budsjetttramme for Helse Vest administrasjon:

	Budsj. -04	Budsj. -05
<b>Lønnskostnader:</b>		
(50) Lønn til ansatte	-12 268	-14 927
(51) Lønn til ansatte	-1 472	-1 791
(52) Fordel i arbeidsforhold	-177	-287
(53) Annen oppgavepliktig godtgjørelse	-871	-938
(54) Arbeidsgiveravgift og pensjonskostnad	-4 383	-4 881
(55) Annen kostnadsgodtgjørelse		-100
(56) Kompetanse og rekruttering	-3 127	-2 455
(58) Offentlige refusjoner vedrørende arbeidskraft	150	
(59) Annen personalkostnad	-599	-658
<b>(5) Lønnskostnad</b>	<b>-22 747</b>	<b>-26 037</b>
<b>Andre driftskostnader:</b>		
(60) Av- og nedskrivning	-3 000	-3 000
(63) Kostnader lokaler inkl. energi og brensel	-1 380	-1 406
(64) Leie mtu, maskiner, inventar o.l.	-90	-90
(65) Utstyr og driftsmaterialer som ikke skal aktiveres	-620	-500
(67) Eksterne tjenester	-22 590	-23 009
(68) Kontorkostnad, trykksak o.l.	-1 863	-954
(69) Telefon, porto o.l.	-275	-1 100
(71) Kostnad og godtgj. for reise,diett, bil o.l.	-3 972	-3 636
(73) Salgs- og reklamekostnad	-2 780	-2 135
(74) Kontingent og gaver	-15	-30
(75) Forsikringspremie, garanti. og serv.kostn.	-25	-85
(76) Lisens -og patentkostnad	-800	-1 615
(77) Annen kostnad	-1 040	-1 640
<b>Annen driftskostnad, av-og nedskrivninger</b>	<b>-38 450</b>	<b>-39 200</b>
<b>(RS) Resultat</b>	<b>-61 197</b>	<b>-65 237</b>

Ved framlegg av førebels inntektsramme 2005 var det lagt til grunn vidareføring av eit kostnadsnivå som samsvara med budsjett 2004 justert for prisvekst. Det var ikkje tatt omsyn til endringar i bemanning og den faktiske kostnadsstrukturen ved inngangen til 2005. Vi vil i de følgjande kommentere dei viktigaste endringane som er innarbeida.

## 2. Kostnader til løn

Budsjettet er utarbeida med basis i bemanninga pr. desember 2004. Styret har tidligare godkjent oppretting av to stillingar. Det er difor lagt inn ei stilling i fagavdelinga for å styrkje kompetansen og kapasiteten retta inn mot det helsefaglege området. Det er òg lagt inn kostnader for ¾ av 2005. I tillegg er det bestemt å tilsette ein prosjektdirektør. Stillinga er innarbeida med effekt i heile 2005. Ut over dette er det gjort 2 tilsettingar i 2004 som ikkje var budsjettert. Dette får ei heilårs effekt i 2005.

Samla sett har ein no nytta 29,35 stillingar av den samla stillingsramma på 29 stillingar som Administrerande direktør fekk til disposisjon. Stillingane er vist i vedlagt organisasjonskart.

Nedgangen på posten kompetanse og rekruttering skuldast i all hovudsak at det i 2004 låg inne kr 1 mill knytt til regionalt leiarutviklingsprogram medan desse midlane i 2005 går inn som ein del av eit større prosjekt – MOT (menneske, organisasjon og teknologi).

Det er i tillegg lagt inn budsjettmidlar til innleige av rekneskapsmedarbeidar for å ta hand om dei driftsmessige oppgåvene som ligg att i RHF'et etter at rekneskapet er lagt ut eksternt. Budsjettmidlane ligg under eksterne tenester.

## 3. Andre driftskostnader

### 3.1 Eksterne tenester

Post 67 Eksterne tenester består av følgjande beløp:

- Revisjon og regnskapshonorar	kr 1,695 mill
- Prosjekter	18,000 -"-
- Innleie av tenester	<u>3,314 -"-</u>
SUM	<u>kr 23,009 mill</u>

Under posten revisjon og regnskapshonorar er det tatt høgde for ordinær revisjon og halvårsrevisjon for RHF'et. I tillegg ligg det inne avtalt honorar til rekneskapsbyrå for rekneskapsførsel og kjøring av lønn for RHF'et. Helse Vest har inngått avtale med Lindorff Accounting vedrørende føring av rekneskap og lønn. Avtalen starta 1/10-04 og varer i 3 år med ein gradvis reduksjon i kostnadene som følgje av forventa effektivisering av rekneskaps- og lønsrutinane.

Posten innleie av tenester består av driftsavtalar økonomisystem, budsjett og rapporteringssystem, drift og vedlikehald IT parken i RHF'et, administrasjon av gjestepasientoppgjør og vedlikehald av rapporterings- og budsjettverktøy. I tillegg ligg det inne innleie av rekneskapsmedarbeidar, jf. kommentarane under kostnader løn.

### 3.2 Planlagde prosjekter i 2005

Det er innanfor ei budsjetttramme på kr 18 mill planlagd ei rekke prosjekt kor det på grunn av omfang og krav om ressursinnsats vil vere nødvendig å nytte ekstern bistand. I tabellen under er det gjort ei opplisting av dei planlagde prosjekta i 2005:

<b>Navn på prosjekt</b>	<b>2005</b>
Utvikling av behovet for spesialiserte tjenester	800 000
Utvikling av tjenestetilbudet til rusmiddelmissbrukere	300 000
Gjennomgang av de prehospitala tenestene	800 000
Evaluering av regionale kompetansesentre	400 000
Gjennomgang av høyspesialiserte funksjoner	500 000
Gjennomgang av medisinske servicefunksjoner	500 000
Kvalitetssikring av utbyggingsprosjekter	200 000
Prioritering av helsetjenester	100 000
Horizon-scanning - utvikling av medisinsk teknologi	100 000
Regional faggruppe	500 000
<b>Sum fagavdelingen</b>	<b>4 200 000</b>
Innkjøpsorganisering Helse Vest	250 000
Samordning av drifts- og serviceavtaler for eiendommer	250 000
Arkivplan	200 000
Internkontroll	500 000
Kontiki - kontraktssystem (utarbeidelse av maler)	300 000
<b>Sum administrasjonsavdelingen</b>	<b>1 500 000</b>
MOT - Mennesker, organisasjon og teknologi	2 500 000
Valg av ansattes representant til styret	500 000
<b>Sum personalavdelingen</b>	<b>3 000 000</b>
Økonomihåndbok	500 000
Fellestjenestesenter - businesscase	1 000 000
Datasystem strategisk virksomhetsstyring	2 000 000
Utvikling inntektsmodell	500 000
Felles helsefaglig styringsinformasjon	200 000
Kodeprosjekt (hvorfor har Helse Vest lav index)	500 000
<b>Sum økonomiavdelingen</b>	<b>4 700 000</b>
<b>Reserve</b>	<b>4 600 000</b>
<b>Totale prosjekter</b>	<b>18 000 000</b>

### 3.3 Andre forhold som ikkje er tatt med i budsjettet

#### Etablering av intern revisjon i Helse Vest RHF

I samband med oppfølging av juridisk rammeverk vart det på føretaksmøte den 17/1-04 stilt krav om at det vert etablert intern revisjon i Helse Vest RHF. Ordninga skal vere etablert innan utgangen av 2. tertial. Det er førebels uklart korleis internrevisjonen skal organiserast og det er derfor ikkje lagt inn budsjettmidlar til ordninga. Administrasjonen vil måtte komme tilbake med eit justert budsjettforslag når ein har fått klarlagt omfanget og organiseringa av ordninga.

#### Etablering av bestillarfunksjon

Som eit ledd i organisatorisk vidareutvikling blei det i føretaksmøtet den 17/1-04 stil krav om tydlegare skilje mellom Helse Vest RHF's to kjerne roller. Dette inneber at Helse Vest må

- klargjere innhaldet i "sørgje for" - ansvaret
- utvikle og følgje opp overordna strategi for forhold mellom bruken av helseføretak ein ei sjølv og bruken av private aktørar
- sørgje for profesjonell gjennomføring både overfor helseføretak ein eig sjølv og private verksemder

Omfanget av rolledeling må utgreiast nærare og som ein konsekvens at dette arbeidet må ein klarlegge om og kor mykje dette vil innverka på bemanningssituasjonen i Helse Vest.

Administrasjonen vil derfor måtte komme tilbake med eit justert budsjettforslag etter at ein har klarlagt dei kostnadmessige konsekvensane knytt til ei bestillarfunksjon.

Auka kostnadar som følgjer av dei organisatoriske endringane vil måtte tilleggast kostnadsramma for Helse Vest RHF. Midlane må takast av reserveposten som er innarbeida i sak 04/05 B endeleg inntektsramme 2005.

Dette gjeld både etablering av internrevisjon og bestillarfunksjon.

### **Forslag til vedtak:**

1. Styret vedtar budsjett for administrasjonen i Helse Vest RHF innafor ei ramme på kr 65,2 mill.
2. Administrasjonen må kartlegge dei økonomiske konsekvensane knytt til etablering av internrevisjon og bestillarfunksjon. Endring av kostnadsramma som følgje av organisasjonsendringar vil måtte leggast fram for styret til godkjenning.

#### **Vedlegg:**

Oversikt over stillingar i Helse Vest RHF